

## Årsmøte VRK 04.02.08

Møtte: Rebecca, Janita, Lena, Magne, Bjørg, Ida Kristine, Ann Lajla(+ mora), Ingvild, Svanhild, Edle, Stine, Linn, Ragnhild, Andreas, Liv Jorunn, Johanne.

Val av møteleiar og referent

- Janita og Liv Jorunn

### 1) Godkjenning innkalling og sakliste

- burde stått stad på innkallinga
- elles har innkallinga stått i Møre, på nettet og folk har fått mail
- godkjent

### 2) Årsmelding

Janita las opp årsmeldinga. Godkjent.

### 3) Rekneskap

Edle informerte om rekneskapet, og delte ut kopiar av viktige beløp. Klubben har 31.059,74 kroner på konto. Andreas skal sjå over rekneskapet før det blir endelig godkjent.

### 4) Val av styret

På valg: Liv Jorunn, Ida Kristine, Ann Lajla, Andreas, Janita

Ikkje på valg: Ragnhild, Edle

Sidan ikkje fleire ville vere med i kampen om styretplass, vart desse einstemmig valde. Styret konstituerer seg sjølv på fyrste møtet. Janita las opp kva det inneber å vere på dei ulike postane i styret. Styremedlem vert valde for to år i gongen, vara og leiar sit eitt år. Viktig at styremedlemane melder seg inn i det neste kontingentåret, slik at styret er fulltallig heile året gjennom.

### 5) Val av gruppene

Webansvarlig: Edle (styret har tilgang til nettsida for å oppdatere)

Aktivitetsgruppe: Linn, Ragnhild, Liv Jorunn, Rebecca, Jenny, Johanne

Banegruppe: Janita, Andreas

### 6) Reglar for betaling av kurs og bruk av bana

Kurs skal betalast på førehand, og påmelding skal skje på bindande påmeldingsskjema. Alle som brukar bana skal vere medlem i klubben og ha betalt baneleige. Ryttarane skal alltid fjerne dritten dersom hesten bæsjar på bana. Det vart informert om reglar for bruk av bana, kor mange ein kan vere på kvar økt. Max tre i dressur, fem i sprang og ein i køyring. Det ligg tryggleiksvestar i brakka, som klubben sine medlemmar kan nytte. Vi ynskjer ikkje å finne dei henslengt på golvet i brakka. Du skal skrive opp kvar gong du lånar, og låse dei nedatt i putekassa etter bruk. Styret oppmodar klubben sine medlemmar til å ikkje hoppe på bana áleine, av tryggleiksmessige omsyn.

### 7) Aktivitetar

Liv Jorunn informerte om aktivitetsgruppa sitt arbeid til no, og aktivitetar framover.

### 8) Årsmøte i kretsen

Ann Lajla reiser på seminar og årsmøte, Andreas reiser også oppover til årsmøtet. Vi ynskjer at Ann Lajla og Andreas er positive til dressur- og køyrecup.

Møtet er heva.

### **9) Eventuelt**

- Måking av bana: Er det nokon som har snøfres på traktoren som kan brøyte bana? Skal vi sette inn ei annonse i avis om nokon kan brøyte til oss. Sak til det nye styret. Få tak i salt som vi kan ha på etterpå.